

# Foreldremøte mellomtrinn

Hausten 2023

Velkommen til foreldremøte i for mellomtrinnet på Sinnes skule  
tysdag 29. august kl. 18:00 - 18:30.

§ 4-2 Kontakt med heimen i grunnskolen:

*Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.*

*Skolen skal i starten av kvart opplæringsår halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra.  
(Forskrift til Opplæringsloven)*

## Referat frå møtet:

1. Velkommen ved Hilde
2. Forventninger til skuleåret 2023/2024 - klasseregler og skuleregler  
*Klasseregler - Hilde informerer om dei reglane elevane ynskjer å ha i klassa. Hilde er litt streng nå i starten for å innarbeide rutiner for korleis vi skal ha det i undervisninga.*  
*Skuleregler - mobilbruk: Mellomtrinnet skal ikkje ha med mobiltelefon på skulen. Dette gjeld og på skulebussen. Må eleven ha med seg mobil på skulen fordi han/ho skal noko etter skulen, må det gies beskjed til lærar. Mobilen skal då ligge avskrudd i sekken heile skuledagen. Siden det ikkje er lov å ha med mobiltelefon på mellomtrinnet, er telefonane ikkje sikra slik som for ungdomtrinnet der dei er innelåst i eit mobilskap.*

*-Eg forventar og håper at vi skal få eit godt samarbeid som gjer slik at dokkar barn kan få ein best mulig skulekvardag. Eg trur, og har erfart, at ofte så er det kommunikasjonsvikt som gjer at ting ikkje blir fanga opp, eller at noko mistolka. Derfor håper eg at om det er noko de som foreldre er bekymra for ang. ditt barn, så håper eg at de vil ta kontakt.*

**Eg må informere godt, og de gir rask tilbakemelding om det er noko å melde om dykkar born. Kvar fredag deler eg ut ny vekeplan med info om komande veke, denne blir og lagt ut på heimesidene til skulen. Beskjeder utanom dette blir sendt ut på Visma.**

3. Undervisning: Kva jobbar mellomtrinnet med i haust?
- a) Lekser : mengdetrening, repetisjon av kjent stoff
  - b) Nasjonale prøver for 5. klasse: prøveperiode frå 4.9.23 – 29.9.23.  
På skulen jobbar me med eldre prøver for å førebu elevane i lesing, regning og engelsk, dette tre uker før prøvane starter. Dette spesielt med tanke på prøveforma. Resultata frå prøvene kjem kort tid etter, medan resultata på landsbasis kjem etter nokre veker.  
Dette er ei kartleggingsprøve, ikkje ei kunnskapsprøve.
  - c) Beintøft - *Norges største gå-til-skole-aksjon. Info: Beintøft er Norges største gå til skolen-aksjon for barneskoleelever, og arrangeres hvert år i september. Konkurransen har til å hensikt å oppmuntre flest mulig elever til å gå, sykle eller ta kollektivt til og fra skolen. Gjennom kampanjen ønsker Miljøagentene å skape naturglede, forståelse for klimaendringene og vise at alle kan gjøre en forskjell. Årets konkurranse går fra 4. september til 25. september.*
  - d) Nettvett - Telenor sitt digitale undervisningsopplegg som heiter Bruk Hue. Det handler om utenforskap og digital nettmobbing .
  - e) Bokslukerprisen - Elevane er med på kåringa av årets Bokslukerpris. Her får vi lese utdrag av ulike barnebøker, er med på å skape leselyst.
4. Klassemiljøet - Redd barna: *Ingen utenfor*. Kontinuerlig post vi jobber med heile tida. Eg legg vekt på at vi skal gjer ting i saman for at vi skal bli ein god gjeng.
5. Skuletur til Duge i veke 42, 19. - 20. oktober. Meir info kjem.
6. Foreldre-skule samarbeid: Haustsamling.
7. Evt. Hugs å sjå etter kjende kle i kassa i "Blå gangen".

